

POLITISKE MÅL – SAMFUNNSDELEN 2008 – 2020

1. Flest mogleg av dei som har behov for det, skal få hjelp til å koma i inntektsgjevande arbeid.
2. NAV Gol skal bidra til at sjukmelde får god oppfølging gjennom samarbeid med den sjukmelde, arbeidsgjeveren og lege.
3. Færrast mogleg brukarar skal bli mottakarar av økonomisk sosialhjelp. Talet på brukarar som mottak eller er avhengig av økonomisk sosialhjelp skal reduserast.
4. Auke tilgang på tilfredsstillande bustader for dei som ikkje kan klare å skaffe seg eigna bustad sjølve.
5. I samarbeid med andre instansar skal NAV Gol vera med å sikre at flyktingar som kommunen tek imot, blir integrerte på ein god måte.
6. NAV Gol skal bidra til samarbeid og koordinering av tenester til beste for brukaren.
7. NAV Gol skal legge til rette for brukarmedverknad.
8. NAV Gol skal bidra til aktivt samarbeid med relevante samarbeidspartnarar for å førebygge sosiale problem.
9. Alle tilsette skal vera kompetente og kvalifiserte til å kunne gjere bruk av alle NAV sine verkemiddel i møte med brukarane.

POLITISKE MÅL – VEDTAK I PERIODEN

Ressursar til oppfølging av aktivitetsplikt for mottakarar av sosialhjelp er lagt inn i budsjettet frå og med 2015 (sak 14/03814).

Talet på flyktingar som skal busettas er vedteke. Det er oppretta og tilsett i ny stilling som flyktingkonsulent. Dette er finansiert frå auke i integreringstilskottet som følgje av auka busetting av flyktingar (sak 15/02640)

STATLIGE MÅL – LOVVERK

* Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltningen:

Med verknad frå 010117 vil kommunane bli lovpålagt å ha et tilbud for aktivitetsplikt for brukarar under 30 år som mottar økonomisk sosialhjelp. Det er usikkert om kommunane vil få tilskot til iverksetting.

* NAV-loven

* Introduksjonsloven

STATUS PÅ AVDELINGA I FORHOLD TIL POLITISKE OG STATLIGE MÅL

Vi busett talet på flyktingar som er vedteke i kommunestyret

Aktivitetsplikt er innført og gir positive resultat økonomisk og for den enkelte brukar. Vi skal bidra til at brukarane av desse tenestene blir økonomisk sjølvhjelpne gjennom arbeid. Om lag 20 % av deltakarane i aktivitetsplikt går over til arbeidsretta NAV-tiltak eller arbeid.

TENESTEKATALOGEN – LOVPÅLAGTE / IKKE LOVPÅLAGTE OPPGÅVER – FØLT KVALITET PÅ TJENESTENE

Kvaliteten på tenestene til personar med manglande buevne og utfordringa knytt til rus og/eller tung psykiatri er ikkje tilstrekkeleg. Her det behov for tilrettelagte bustader med oppfølging.

FORSLAG TIL ADMINISTRATIVE TILTAK FOR Å NÅ MÅLENE

Betre samarbeid og koordinering mellom NAV og anna kommunalt hjelpeapparat.

FORSLAG TIL NYE INVESTERINGSTILTAK

Disse skal også bli presentert i form av skjema

FORSLAG TIL NYE DRIFTSTILTAK FOR Å NÅ MÅLENE

Disse skal også bli presentert i form av skjema

FORSLAG TIL INNSPARINGSTILTAK MED KONSEKVENSER FOR POLITISKE OG STATLIGE MÅL

Disse skal også bli presentert i form av skjema

VURDERING AV MÅLSETTINGENE – FORSLAG TIL DEBATT

Auka busetting av flyktingar gir auka integreringstilskot, men kan og auke utgiftene til sosialhjelp både til etablering i bustad og til sosialhjelp dersom vi ikkje lukkast med formidling til arbeid etter avslutta introduksjonsprogram. Avtale med Fretex om kjøp av tenester til oppfølging av aktivitetsplikt går ut 31.12.2016. Kostnadene til desse tenestene kan derfor auke, ettersom dei må leggas ut på anbod etter lov om offentlig anskaffelse. Samanslåing av NAV Nes med NAV Gol og Hemsedal leggas fram for politisk behandling hausten 2016. Man kan anta at ei slik samanslåing kan gi innsparing, men å talfeste dette er svært vanskeleg.